

# Møteprotokoll

for møte i

Masfjorden Kyrkjelege Fellestråd

27.01. 2015

kl. 1815

i kantina på kommunehuset.

Desse møtte:

Arne Riisnes  
Ragnhild Skuggedal  
Britt E. Nordland  
Åse Dyrkolbotn  
Øyvind Kristoffersen  
Egil Kvingedal  
Knut F Sørheim

*Terje Myrvang var forhindra frå å møta.*

*Frå administrasjonen møtte kyrkjevevjerje Svein Kvamsdal.*

**SAK NR:**

**SAKLISTE**

---

<b>01/15</b>	<b>Godkjenning av innkalling.</b>
<b>02/15</b>	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 11. november 2014</b>
<b>03/15</b>	<b>Skriv og meldingar</b>
<b>04/15</b>	<b>Høyring om omfordeling av presteressursane i prostiet.</b>
<b>05/15</b>	<b>Årshjul.</b>
<b>06/15</b>	<b>Val 2015.</b>
<b>07/15</b>	<b>Markering i samband med at soknepresten går av.</b>
<b>08/15</b>	<b>Mogelege andre saker</b>

**Underskrifter:**

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka sine sider, som me har signert, er ført i samsvar med det som vart avgjort på møtet.

**Sokneprest Knut Sørheim opna møtet med eit ord frå Bibelen og lyste velsigning over møtet.**

**SAK: MKF 01/15                      GODKJENNING AV INNKALLING**

**Sakshandsamar:**        Svein Kvamsdal

Godkjent utan merknader.

**SAK: MKF 02/15                      GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**  
frå møtet 17. desember 2014.

**Vedtak:**

Møteprotokollen vart godkjent slik den ligg føre.

**SAK: MKF 03/15                      SKRIV OG MELDINGAR**

**1.                                      AKSEPT FORHØYELSE AV EKSISTERANDE LÅN.                      Svein**

*Svein sa at KLP hadde gjeve eit lånetilbod med ei rente som var 0,9% lågare enn eksisterande lån.*

**2.                                      STILLINGSANNONSE/STATUS SØKNADER.                      Svein**

*Svein sa at så langt har ingen søkt på stillinga. Det var einighet i møtet at om det ikkje kjem inn søknader etter fristen går ut 31. januar, bør ein lysa ut på nytt og denne gangen inkludera Bergens Tidende og finn.no.*

**3.                                      ÅRSSTATISTIKKAR KYRKJENE.                      Knut**

*Knut orienterte om desse statistikkane .*

**4.                                      JUSTERING AV TIDSPLANEN FOR EVALUERING.                      Knut**

*Dette vart teke til orientering.*

**5.                                      DELTAKING FRÅ «KRIK» PÅ GUDSTENESTER.                      Knut**

*Knut orienterte litt om dette tilbodet frå KRIK Hordaland om at det kan vera aktuelt å kontakta dei om dei kan vera med på konfirmantleir på Fjon. Då kan dei ta med konfirmantane til gymnastikksalen på Matre skule for ymse aktivitetar.*

**6. TEKSTLESARKURS.**

*Svein*

*Svein orienterte om at Kyrkjeverje i Gulen, Trude Brosvik, hadde teke initiativ til dette kurset og bad om at sokneråda gjer det kjent. Trude hadde skrive onsdag 3. februar, det skal vera tysdag 3. februar.*

**7. TAKK FRÅ «FAMILIE & MEDIER»**

*Knut*

*Takkebrev for kollekt i kyrkjene.*

**MKF 04/15 HØYRING OM OMFORDELING AV PRESTERESSURSANE I PROSTIET.**

**Sakshandsamarar:** Knut Sørheim og Arne Riisnes

**Bakgrunn:** *Etter førre møte i fellesrådet, vart det arrangert eit møte på Brekke 6. januar, der følgjande personar deltok: Arne Riisnes, Knut Sørheim, Bjørn Magne Hansen sokneprest i Solund, fellesrådsleiaren i Solund, vara for fellesrådsleiaren i Gulen, kyrkjeverje i Gulen Trude Brosvik og kyrkjeverje i Masfjorden Svein Kvamsdal.*

*På dette møtet var det full semje om at ein står på kravet om at ein vil behalda ein prest i kvar av dei tre kommunane, og ideelt sett bør desse tenestegjera i ein 100 % stilling kvar, men om dette er umogeleg, må kvar desse tre prestane kanskje måtte tenestegjera med om lag 33% i Meland eller andre stader.*

**Dette skjedde i møtet:**

*Alle møtedeltakarane gav støtte til det som det vart einighet om på Brekke og kyrkjeverje fekk i oppdrag å senda inn eit svar på høyringa til Bispedømerådet innan 2. februar 2015.*

*Masfjorden kommune sin representant i Fellesrådet, Egil Kvingedal, stadfesta at kommunestyret i Masfjorden sitt syn på denne saka samsvarar med det ein vart einige om i møtet på Brekke.*

**Vedtak:**

- Fellesrådet går sterkt i mot å gå ned til berre to prestestillingar i kommunane Solund, Gulen og Masfjorden.
- Fellesrådet er samd med sokneråd, prestar og den politiske leiinga i alle desse tre kommunane, at det er svært viktig at det framleis vil vera ein prest som er busett og arbeidar i kvar av desse tre kommunane.
- Etter fellesrådet si oppfatning er det ikkje andre alternativ til korleis presteressursane skal tildelast.
- Fellesrådet legg til grunn at bispedømmerådet aksepterer Masfjorden kyrkjelege fellesråd sitt syn på saka og ber om at talet på prestar blir som no.

## SAK: MKF 05/15      ÅRSHJUL, PLANLEGGING AV DAGAR FOR MØTER I 2015

**Sakshandsamar:**                      Arne Riisnes og Svein Kvamsdal

**Bakgrunn:**                      *Dei tidlegare åra har det vore vanleg på første møtet i det nye året og planleggja møta i MKF, for heile året, om dette er mogeleg. Også ein del sentrale saker kan planleggast inn for dei ulike møta. Vi kan og vurdera om vi vil ta inspeksjonsrundar til dei ulike kyrkjene og gravplassane våre, eller om dette kan vente til det nye fellesrådet er på plass.*

*I fjor hadde vi «Innspel frå sokneråda kva dei vil prioritera av arbeid» på første møtet, dette vil eg gjerne ha opp som sak på møte nummer 2 i år. I møte nummer 3 vert MKF sin rekneskap for 2014 ei hovudsak. I møte nr 4 har vi budsjettet som hovudsak. Møte nummer 5 vert det siste møtet for det gamle fellesrådet samt konstituering av det nye. I møte nummer 6 har vi ikkje hatt nokon faste saker.*

**Dette skjedde i møtet:** Møtedeltakarane meinte at det kan vera nyttig med synfaring før ein bestemmer seg før kva som skal prioriterast av arbeidsoppgåver ved dei ulike kyrkjene og gravplassane.

**Vedtak:** Dato for neste møte vert tysdag 7. april. Vi møter på Skjerjebakken klokka 1700 og vi flyttar oss deretter til Sandnes kyrkje og dannar oss eit bilete av kva som bør gjerast på desse plassane. Møtet kan vi ta i kyrkjelydssalen. Ei sak til på dette møtet vil vera om vi skal auka festeavgiftene for graver.

Dato for møte nummer tre vert tysdag 9. juni. Vi møter på Hosteland gravplass klokka 1700 og vi flyttar oss deretter til Frøyset kyrkje. Dette for å danna oss eit bilete av kva som bør gjerast her. Møtet tek vi i kyrkjelydsalen. Ei sak til på dette møtet vil vera rekneskapen for 2014.

Dato for møte nummer fire vert tysdag 1. september. Her møter vi klokka 1700 ved Solheim kyrkje, flyttar vi oss deretter til Indre Haugsdal gravplass for å danna oss eit bilete av kva som treng gjerast der. Møtet vert deretter halde på Einekavane A/S på Matre. Andre saker på dette møtet er budsjettet for 2016. Dette er også siste møte før val på nye sokneråd. Om vi i dette møtet får høve til å ynskja ein ny sokneprest velkomen, vil tida visa. Uansett må vi ha ein geistleg representant med på dette møtet.

Dei to siste møta vart det ikkje fastsett dato for. Møte nummer 5 vert todelt: Eit møte for utgåande fellesråd og eit møte for det nye fellesrådet der ein vel leiar og nestleiar.

## SAK: MKF 06/15      VAL TIL SOKNERÅD OG BISPEDØMERÅD I SEPTEMBER

**Sakshandsamar:**                      Arne Riisnes

**Bakgrunn:**                      *Sokneråda har hatt sine representantar på valkurs i Brekke. Soknepresten deltok også. Ein er såleis kome godt i gong med førebuingane til valet. Utgifter til valet i år slik som tidlegare år, vert dekkja av MKF som vil få tilskot frå Bispedømet. Kompensasjon for dei som tek i mot stemmene vil verta betalt med same satsar som dei som tek i mot stemmer til kommune og fylkestingvalet. Sokneråda må i god tid levera inn liste til kyrkjevevje over kva ein treng av materiell.*

*Det som er nytt i år er at det er færre val-lokale, berre eit i kvart sokn.*

**Vedtak:**                      Dei naudsynte annonseringane vil verta gjort i «Masfjordingen» og på heimesida til Masfjorden kommune samt kyrkja si heimeside. Kyrkjevevje vil støtta sokneråda med det dei treng for å avvikla valet.

**SAK: MKF 07/15      MARKERING I SAMBAND MED AT SOKNEPRESTEN GÅR AV.**

**Sakshandsamar:**                      Arne Riisnes

**Dette skjedde i møtet:**              Knut opplyste at siste arbeidsdagen hans vil vera den 30. august som er ein søndag. Denne dagen vil det vera gudsteneste i Sandnes kyrkje. Fellesrådet meinte denne dagen vil høva bra til avskjedsgudsteneste, men at det vil vera naturleg med ei avskjedsgudsteneste i Frøyset og Solheim kyrkje også. Datoar for desse gudstenestene vil verta opplyst om seinare, men det er sannsynleg at desse gudstenestene vert eingong i juni sidan soknepresten vil ta ut avspasering og ferie frå slutten av juni til august.

**Vedtak:**                                      Fellesråd og sokneråd vil arbeida vidare med planlegging av korleis ein vil markera at soknepresten går av.  
Fellesråd og sokneråd vil også, separat, planlegga ei markering i samband med at Gunvor Fyllingsnes sluttar i sin stilling.

**SAK: MKF 08/15      MOGELEGE ANDRE SAKER: VAL PÅ LEIAR NESTLEIAR**

**Sakshandsamar:**                      Svein Kvamsdal

***Bakgrunn:***                                      *Etter kyrkelova skal val på leiar og nestleiar i fellesrådet avhaldast ein gong i året. Ved ein inkurie vart ikkje dette ført opp som sak på møta i slutten på fjoråret.*

**Forslag til vedtak:**                      Sidan det er valår i år, foreslår kyrkjeverje at leiar og nestleiar vert att valde med akklamasjon.

**Vedtak:**                                      Leiar og nestleiar vart attvalde med akklamasjon.